



«Nøisomheds Dyder»

Samfunnsånd og sosial kontroll i norske bygdesamfunn ca. 1800–1830

«The Virtue of Frugality»

Social spirit and social control in Norwegian rural communities around 1800–1830

Björg Seland

Professor emeritus, historie, Institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder

bjorg.seland@uia.no

Samandrag

Artikkelen bygger på ein studie av skriftlege avtalar frå dei første tiåra av 1800-talet, der siktemålet var å fremme sparsamd og måtehald hos allmugen. Det empiriske materialet er undersøkt med sikte på å avdekke fellestrekk og lokal variasjon i denne typen semjer. Sentrale tema er knytt til spørsmål om kva avtalen gjekk ut på, kven som tok initiativ lokalt, kva motiv som blir oppgitt, korleis ein gjekk fram for å få allmugen til å gi samtykke og korleis ein tenkte seg å føre kontroll med at reglane blei etterlevd. Den faglege drøftinga følger opp spørsmål historikaren Hans Try har reist, om slike avtalar er å sjå som forløparar for frivillig foreiningsliv. Forfattarens konklusjon er at grunnlaget for slik tolking er heller svakt, og at det er lite som minner om brot med det gamle samfunnets paternalistiske prinsipp for kommunikasjon mellom øvrigheit og allmuge.

Nøkkelord

1800-talets bondesamfunn, sparsamd og måtehald, øvrigheit og allmuge, skrivne avtalar, frivillige foreiningar

Abstract

The aim of the paper is to shed light on certain types of written social contracts dating from the first decades of the nineteenth century. These contracts intended to commit common people in rural districts to austerity and modest consumption. They contained provisions known from the seventeenth and eighteenth century royal decrees against sumptuousness. The initiator would often be the vicar or the local law officer and ideally people should volunteer to consent. The contracts had rules for acceptable clothing, food and drinks – especially beer and spirits – at weddings, funerals and similar occasions. Several contracts even claimed sanctions for breaking the rules in the form of fines. For patriotic and protectionist reasons it was forbidden to wear clothes made from foreign fabric, such as cotton and silk. The main focus is on relations between official authority and common people, and the questions discussed are related to an academic debate on whether these contracts may be seen as precursors for the voluntary associations which had their breakthrough from the 1840s. The author concludes that there is a weak basis for such an assumption, and points to characteristics of the process as a whole, that rather are typical for the paternalistic system of the old regime.

Keywords

Nineteenth century peasant society, austerity, official authority, written social contracts, voluntary associations

Innleiing

Dei første tiåra av 1800-talet blei det i fleire norske bygder inngått avtalar der bøndene forplikta seg til å sette grenser for «overdaadig» forbruk. Det blei sett opp skriftlege semjer med reglar som ein gjensidig forplikta seg til å overhalde. Tiltaket hadde gjerne støtte i det lokale sokneselskapet, etter pådriv frå direksjonen i Selskapet for Norges Vel. Selskapets organ *Budstikken* ga også romsleg plass for kongelege forordningar og appellar til «Fædrelands-Venner» om å vise ansvar, ikkje berre for rikets vaklande økonomi i krisetider, men også for eigen velferd og barnas framtid. Idealet var å leve «tarvelig», i betydninga enkelt og nøysamt. Vidare skulle ein bidra til å styrke innanlandsk næring og heimleg flid. Da skulle ein ikkje kjøpe utanlandske varer, men motvirke all hang til «fremmed Overdaad og Pragt».¹

Kongen kom med oppfordringar om å vise ei edlare samfunnsånd.² Han gjekk heller ikkje av vegen for å refse «Landets formuende Indvaanere» for pyntesjuka og prangande forbruk. Alle rettenkande borgarar måtte stå fram som gode eksempel; embetsmenn og statstenarar skulle legge til rette for «Vindskibelighed» og nøysemd på alle plan. Ein særleg appell gjekk til «de gavnvirkende Samfund hvis Forenings Aarsag er Borgeraand og Borgerheld». Ein forventa no at slike lag ville styrke sin innsats for «Tarveligheds og Nøisomheds Dyder» i alle lag av folket.³ Det var slike oppfordringar sokneselskapa følgde når dei gjekk inn for å binde allmugen gjennom forpliktande avtalar.

Historikarane Per Fuglum (1924–2008) og Hans Try (1934–1990) har sett trekk ved desse avtalane som peiker mot det moderne foreiningslivet, kjenneteikna av frivillig tilslutning til eit program og meir eller mindre aktiv deltaking i eit fellesskap under vald styre. Det moderne organisasjonskonseptet vann for alvor fram i andre halvdel av 1800-talet, men alt i 1830-åra kom dei første foreiningane for misjon og for måtehald i bruk av alkohol.⁴

Try er så vidt eg kan sjå den som har gått lengst inn i fagleg refleksjon omkring desse spørsmåla. Han meiner at vi i semjene frå dei første tiåra av 1800-talet ser spor av ei rørsle som har vore lite påakta av historikarane. Det dreier seg om tiltak som berre spreidd og sporadisk er behandla i lokalhistorisk litteratur, og fenomenet er i liten grad sett i samband med utvikling på landsbasis. Denne artikkelen er inspirert av Trys forskning og hans drøfting i eit etterlate manus som no blir publisert under tittelen «Det store bryllaupet på Reiersdal i 1820. Ein sosialhistorisk studie».⁵ Eg vil skissere eit bakgrunnsbilde for den typen avtale Try løfter fram gjennom sitt lokale kasus frå ei agderbygd. Å dokumentere feltet i full breidde, ville krevje nitid undersøking av primærmateriale i retts- og forvaltningsarkiv på ulike nivå. Min studie bygger på eit avgrensa materiale, mest på grunnlag av trykte kjelder. Mykje er henta frå bladet *Budstikken*, årgangane 1811–1814. Gjennom dette bladet, supplert med andre kjelder frå første halvdel av 1800-talet, har vi tilgang til tretten avtalar i fulltekst. I tillegg kjem fragmentariske tilskot og generelle opplysningar om andre avtalar frå *Budstikken* og frå lokalhistorisk litteratur. Sett under eitt dreier det seg om dokumentasjon frå drygt femten lokalsamfunn spreidd i Midt- og Sør-Norge.

1. Kgl. reskript av 15.06.1812 (*Budstikken* 17.07.1812).
2. I tidas språk: «Almeenaand» / «Borgeraand».
3. Frå kgl. reskript 15.06.1812 (*Budstikken* 17.07.1812).
4. Try 1985.
5. Try 2020.

Tabell 1 Skjematisk oversikt over empirisk materiale

Avtalar frå tidsrommet 1804–1832 som er kjent i fulltekst	År	Kjelder
Valle prestegjeld, Nedenes og Råbyggelaget amt*	1804	<i>Budstikken</i> 27.09.1811
Råde prestegjeld Smålenene amt	1811	<i>Budstikken</i> 15.05.1812
Luster skipreide, Nordre Bergenhus amt	1812	<i>Budstikken</i> 30.04.1813
Vågå prestegjeld, Kristians amt	1812	<i>Budstikken</i> 04.06.1813
Gjerstad hovudsokn, Nedenes og Råbyggelaget amt**	1812	<i>Budstikken</i> 16.10.1812
Ramnes prestegjeld, grevskapet Jarlsberg	1812	<i>Budstikken</i> 25.12.1812
Biri hovudsokn, Kristians amt	1813	<i>Budstikken</i> 15.10.1813
Sunndal prestegjeld, Romsdals amt	1813	<i>Budstikken</i> 10.09.1813
Fron prestegjeld, Kristians amt	1813	(Vogt) <i>Lover ...</i> 1817
Øvrebø hovudsokn, Lister og Mandals amt	1815	Stiftsamtmannen i Kristiansand
Oppdal prestegjeld, Søndre Trondhjems amt***	1817	<i>Statsborgeren</i> 14.12.1834
Surnadal prestegjeld, Romsdals amt	1822	Hyldebakk 1957, s.456 ff.
Strinda prestegjeld, Søndre Trondhjems amt	1832	<i>Frivillig Overeenskomst</i> 1832

* Avtalen frå Valle skal i 1808 ha vore modell for eigne avtalar i fleire kyrkjesokn i Råbyggelaget (*Budstikken* 27.12.1811).

** Avtalen frå Gjerstad hovudsokn skal i hovudtrekk vere lik ein avtale som blei inngått i Vegårdshei annekts, Gjerstad prestegjeld, kort tid i forvegen (*Budstikken* 16.10.1812).

*** I Oppdal prestegjeld skal det ha vore inngått ein avtale med «nogle af Menighedens bedste Mænd» ein gong mellom 1804 og 1806. Avtalen av 1817 skal ha omfatta eit vidare livsområde og hatt tilslutning frå langt fleire enn den førre avtalen. (Krokann (1937) 1994, s. 20 f.)

Så lenge vi manglar ei meir fullstendig oversikt, vel eg å nytte dette materialet som eit lite, men likevel forsvarleg grunnlag for å undersøke fellestrekk og lokal variasjon innanfor floraen av slike semjer. Eg vil kartlegge kva motiv som blir oppgitt for dei ulike avtalane, kven som tok initiativ lokalt, kva livsområde avtalen var meint å dekke, kva som blir sagt om sanksjonar og om kontroll med at reglane blei etterlevd. Endeleg vil eg – med bakgrunn særleg i Try sine innspel – drøfte spørsmålet om det gir meining å sjå desse semjene som ein form for ‘missing link’ i framveksten av organisasjonssamfunnet.

Ser vi nærare på avtalane frå dei første tiåra av 1800-talet, blir det snart klart at dei dreg vekslar på eldre lover og forordningar. Vi kan derfor ha nytte av eit sveip over 1600- og 1700-talets lovgiving mot «Ødselhed» og luksusforbruk.

Kongelege forordningar

Initiativ frå statsmakta for å avgrense forbruk er kjent frå europeiske land langt tilbake i tid.⁶ For den dansk-norske kongen låg det nært å hente forbilde i tyske statar. Med reformasjonen blei banda til Tyskland styrkt, noko som også sette merke på statsmakta sine forsøk på å tøyse aukande forbruk av luksusvarer. I 1558 kom det første av ei rekke kongelege reskript vi i dag omtaler som luksusforordningane. Fleirtalet kom i einevaldstida, og dei mest omfattande forordningane skulle gjelde parallelt i Danmark, Norge og hertugdømmma. På 1500- og 1600-talet dreidde det seg helst om regulering av adelens forbruk. Seinare blei søkelyset også retta mot det ein oppfatta som ein aukande hang til luksus og tendens til slø-


6. Seip 2016, s. 19 ff.

sing blant allmugefolk.⁷ Christian IVs norske lov av 1604 har m.a. føresegner om kor lenge ei bryllaupsfeiring kunne vare.⁸

I 1683 kom ei forordning som ga svært detaljerte reglar for kva kongens undersattar kunne tillate seg av klesdrakt og smykke, og kva grenser som skulle gjelde for bevertning og tal på gjester ved bryllaup, barnedåp, gravferd og andre former for gjestebod. Her var det også uttrykkeleg sett forbod mot å gi «Brudegave». Det kunne gjerast unntak for tenestefolk – underforstått at det ved slike høve ikkje ville vere snakk om kostbare gåver. Foreldra til brudeparet skulle derimot fritt kunne gi «etter deres Vilkaar og Tilstand».⁹

I 1736 kom ei forordning som gjekk lengre enn nokon gong når det galdt å regulere «Overdaadighed». Forordninga hadde strenge reglar for kven som kunne bruke kva av klede, smykke og interiør, utførleg differensiert mellom dei mange rangklassane innanfor det dansk-norske stendersystemet. Det slo nok sterkast ut i øvre sosiale lag, men ein fann det nødvendig å gi ganske detaljerte reglar også for «De, som ei ere i Rang-Forordning», og for Tenestefolk.¹⁰

Det seier seg sjølv at det ikkje var lett å følge opp så detaljerte føresegner på eit område som bokstaveleg talt strekte seg inn i hus og heim hos høg og låg i samfunnet. Så var det



Bilde 1 Forordninga
frå 12. mars 1783.

7. Dalgaard 2015; Danmarkshistorien.dk (1) og (2). For oversyn over forskningspublikasjonar om luksusforbruk, sjå Seip 2016, s.12 ff.

8. Arvebolken, kap. 24 «Om brøllups gjerd».

9. Danmarkshistorien.dk (1); Dalgaard 2015, s. 14 ff., sitat etter kjelde gjengitt s. 22.

10. Dalgaard 2015, s. 29 ff.

også mykje motvilje mellom dei som var sett til å handheve forskriftene. I januar 1783 blei det like fullt gjort ein ny framstøyt ved *Forordning angaaende Overdaadigheds Indskrænkning for Danmark, Norge og Hertugdømmerne*. Den var nok mest aktuell for dei velstående, og ingen straffesanksjonar er nemnt. I mars same året kom ei liknande forordning særleg retta mot bondestand og annan allmuge – og her var det harde bod om bøter for brot på dei mange føresegnene mot «skadelig Ødselhed».¹¹

Allmugen skulle ha eit nøkternt forbruk av alle nyttingsmiddel og berre nytte klede av stoff som var tilverka i heimlandet. Alle festskikkar skulle tøylost. Ved feiring av bryllaup skulle selskapet ikkje telje meir enn 32 personar – brudeparet medrekna – og festen måtte ikkje strekke seg over meir enn ein dag. Vertskapet fekk ikkje by på meir enn fire rettar; kaffi og vin skulle ingen smake. Om det blei kjent at det hadde vore fleire gjester enn tillate, eller det var sett fram forboden drikke, skulle brudeparet betale bøter. Inntekt av bøtene skulle delast med ein halvdel til fattigkassa og den andre halvdel til *Sognefogeden* (i Danmark) eller lensmannen (i Norge) – «eller hvem anden der er Angiver, naar disse ej ere det ...».¹²

No fanst det nok også mellom bøndene dei som såg at festskikkar kunne gå over stag, både når det galdt omfang og kostnader. Men folk flest fann det tungt å tole at styresmaktene skulle gripe inn i hevdvunnen skikk. Mange stader nekta dei som braut føresegnene å stå til ansvar; eller dei feira som dei ville, og betalte bøter om det blei kravd. Både lensmann og fut kunne kvi seg for å følge opp slike saker, så det sto strid om forordningane, ikkje berre mellom øvrigheit og allmuge, men også mellom ulike nivå i styringsverket. I lange tider dreidde det seg i praksis om sovande påbod.¹³

I Norge var det altså lensmennene som skulle stå for handheving av forordninga. Men fordi motstanden var sterk, var det vanskeleg å finne folk som ville gi vitnemål av verdi.¹⁴ Etter kvart gjekk også øvrigheita lei, og dei mange klagane blei endeleg tatt til følge. I 1799 blei forordninga oppheva – no fekk det heller vere opp til prestane å sørge for «anstændig Tarvelighed uden Tvang».¹⁵

Motivasjon på statleg plan

Kva grunnar kunne styresmaktene ha når dei såg det som viktig å avgrense innbyggjarane sitt forbruk? På 1500- og 1600-talet ser det ut til at forordningane helst skulle tene personlege interesser for dei privilegerte: Tilgang til luksusvarer skulle sikrast for kongehuset, adelen og den meir velberga delen av borgarskapet.¹⁶ Etter kvart som næringslivet utvikla seg mot industriell produksjon og handelen auka, kom omsynet til statsfinansar og handelspolitikk meir i framgrunnen. I tråd med merkantilismens ideal galdt det å styrke landets eigen økonomi og sette grenser for import av varer.¹⁷ I 1736 ga Christian VI. klar beskjed om at reskriptet som blei utferda dette året, var nødvendig for «at hævde den i Svang gaaende Overdaadighed ... hvorved foruden anden Skade, mange Penge gaae ud af Landet».¹⁸

Over tid kan ein registrere ein glidande overgang der handels- og finanspolitikken etter kvart blei knytt til kameralismens tankegang: Det var framleis om å gjere å unngå import, men der merkantilismen hadde hatt ei opning for varer frå eigne koloniar, ville kamera-

11. Forordning av 12. mars 1783, etter kjeldekopi i Danmarkshistorien.dk (2).

12. Forordning av 12. mars 1783, etter kjeldekopi i Danmarkshistorien.dk (2).

13. Skrondal 1961, s. 116 ff.; Tranberg 1993, s. 321 ff.; Dalgaard 2015, s. 14 og 73 ff.; Mordt 2018.

14. Skrondal 1961, s. 116 ff.; Tranberg 1993, s. 321 ff.; Mordt 2018.

15. Etter kjelde gjengitt i Danmarkshistorien.dk (2).

16. Rian 1997, s.324 ff.; Dalgaard 2015, s. 7, 14 og 73 ff.; Danmarkshistorien.dk (1).

17. Dalgaard 2015, s. 30, 53, 64 og 73 ff.

18. Dalgaard 2015, s. 29 ff., sitat etter kjelde gjengitt s. 29.

listane meir prinsippfast søke å unngå all import. Tanken var at dette skulle gi insentiv til sterkare framdrift i heimlege næringer.¹⁹ Nasjonaløkonomiske omsyn var altså sterkt framme. Så passa det også styresmaktene å vise til kristen moral og behovet for å hindre kjøpepress, slik Christian V. gjorde i forordninga av 1683:

«... Vi fornemme, hvorledes den store Overdaadighed i Klæder, samt Mad og Drikke til Bryllupper, Barseler og Giestebudde saaledes tager overhaand, at GUd derover høyligen maa fortørnes, og mange, fordi den eene den anden i saa Maader intet vil eftergive, deres Middeler u nyttig bortsætter, og der over omsider geraader udi yderste Ruin ...».²⁰

Da Danske Kanselli i 1743 gjennomførte ei omfattande spørjeundersøking om ressursar, levekår og økonomi, kom det svar frå embetsmenn i alle delar av Norge. Historikaren Gerd Mordt har særleg studert svara på eit spørsmål som galdt innbyggjarane sine særtrekk og korleis dei var tilbøyeleg til å tenke og handle [«Egenskaber» og «Inclination»]. Det er verd å merke seg at mellom dei som svarte på dette i og for seg opne spørsmålet, var det mange som tok opp temaet forbruk. Svara speglar bekymring vi kjenner igjen frå tidlegare forordningar: at overdriven import av luksusvarer ville skade landets økonomi, og at ungdom av bondestand skulle sløse i staden for å spare til framtidig livsgrunnlag. Men Mordt finn også svar som røper uro over at ein meir kjøpesterk allmuge kosta på seg luksus som skulle vere for dei kondisjonerte aleine. Slik blei standsforskjellane utviska. Gjekk det for langt, kunne sjølve samfunnsordenen slå sprekkar!²¹

Styresmaktene kunne altså påberope seg paternalistisk omsorg for allmugen: Om den jamne mann og kvinne blei forført til å kjøpe over evne, ville dette vere til skade ikkje berre for den enkelte husstand, men for heile bondestandens økonomi. I tillegg kom uro for allmenn moral. Dei som strekte seg etter overdådig nyting, ville snart bli late og duglause. Slik kunne ein også forsvare at allmugefolk som braut forordningane, skulle straffast med kraftige bøter.²²

Patriotisme og velferd²³

Sentrale samfunnsdebattantar i opplysningstida inspirerte til måtehald i patriotismens namn. Både i Danmark og Norge blei det skipa ei rekke samanslutningar av «gode borgarar» som gjorde det til ein del av sitt program å stagge overforbruk og lyst til luksus. Formålet for slike patriotiske selskap var vidt; det galdt å løfte fedrelandet både åndeleg og materielt. *Selskabet for Borgerdyd*, stifta 1785 i Købengaaavn, gjorde «Tarvelighed» til hovudsak.²⁴ Vår fremste samanslutning for patriotiske formål, Selskapet for Norges Vel, profilerte seg på framhjelp av vitenskap og næringsliv.²⁵ Men engasjementet for økonomisk velferd førte også til uro over det ein såg som aukande tendens til «Ødselhed» mellom allmugen.

Fram mot 1814 kom kongen med ei rekke nye forordningar om sparsemd og måtehald.²⁶ I reskriptet frå 1812, som er omtalt i innleiande del av denne artikkelen, viser Fredrik VI. til dei tunge følgene av krigstilstanden som rådde i Europa. Meir enn nokon gong galdt det å

19. Bjerke 2009, s. 65 f.

20. Etter kjeldekopi i Danmarkshistorien.dk (1).

21. Mordt 2010.

22. Danmarkshistorien.dk (1) og (2); Dalgaard 2015, s. 14 ff., 64 ff. og 73 ff.

23. I dette kapitlet og i kapitla som følger, er det nytta fleire eksempel frå utvalet av avtalar vi kjenner i fulltekst, også med sitat. Kjeldetilvising for alle desse er å finne i den skjematisk oversikta (ovanfor på s. 49).

24. Engelhardt 2010, s. 276 ff. og 322 ff.

25. Bjerke 2009.

26. I kgl. reskript av 15.06.1812 blir det vist til ei rekke dokument frå tidsrommet 1808–1811. (*Budstikken* 17.07.1812).

avgrense innførsel av utanlandske varer og styrke innanlandsk næringsliv. I sterke ordelag manar kongen til endring i haldningar til forbruk. I eit opprop datert 10. juni 1813 slår prins Christian Fredrik, som statthaldar i Norge, på dei same strengane. Særleg i desse åra, da folket leid under mangel på dei nødvendigaste livsmiddel, måtte ein sette inn kraftfulle tiltak. Ansvaret måtte ligge hos dei som var best stilt: «Ikke taler Jeg til den hædervedige Almue ... for *den* er Tarvelighed en Nødvendighed.» Det var til «Embedsmændene, ... de formuende Jorddrotter og Brugseiere» og til «Byernes bemidlede Indbyggere» prinsen no retta ei innstendig oppfordring om å skjære ned på eige forbruk.²⁷

Budstikken speglar det nye pådrivet for å fremme måtehald. I listene over selskapets premiering av god borgarånd,²⁸ finn vi mange oppføringar for eksemplarisk «Tarvelighed» og «Vindskibelighed». Fekk selskapets direksjon underretning om lokale «Foreninger» der formålet var nøysemd og måtehald, blei bladspaltene opna for gjengiving av reglar og påbod, følgd av oppfordringar om å følge det gode eksempelet.

På denne tida blei ordet 'forening' helst nytta om ein overeinskomst, ein gjensidig forpliktande avtale. Det er snakk om å «indgaa en Forening» og «opfylde en Forening» på linje med å binde seg gjennom ein kontrakt. Kring 1840 fekk ordet den betydninga det har i dag: ei samanslutning med eit uttrykt formål, med skrivne retningslinjer, frivillig medlemskap, møteverksemd, vald leiarskap og opne avgjerdsprosessar.²⁹

Men dei som ein generasjon tidlegare arbeidde for å få allmugen til å inngå avtalar om nøysemd, var også ivrige etter å påpeike at dette handla om *frivillige* tiltak. Da amtmanden i Nordre Bergenhus meldte om avtalen som var inngått i Luster i 1812, løfta han dette fram som noko stort i seg sjølv: Denne avtalen var det allmugen som sto for – «uforanlediget fra nogen Embedsmands Side». Så nemner han rett nok lensmannen som den «egentlige Ophavsmand».

Forpliktande avtalar

Da den siste omfattande forordninga om «Overdaadigheds Indskrænkning» blei oppheva i 1799, sette kongen sin lit til at prestane skulle arbeide vidare for den gode saka. Fleire av semjene som dei første tiåra av 1800-talet gjekk under namn av 'forening', kom også i stand på initiativ av den lokale soknepresten. Men no skulle tvangen som låg i dei gamle forordningane, erstattast av frivillig tilslutning frå allmugen. I eldre historieverk kan vi finne desse avtalane omtalt som «spareforeninger».³⁰

Budstikken har tydelegvis vore ei viktig kjelde både til inspirasjon og formidling av modellar. Den første avtalen som blei trykt i bladet, var inngått i Valle i Setesdal i 1804. Avtalen var underteikna av initiativtakaren, sokneprest Christian Aamodt, og «den hele Almue i Præstegjeldet». Da direksjonen sju år etter blei gjort kjent med tiltaket, fann dei denne «Forening ... saa mærkelig», at avtalen måtte offentleggjerast i fulltekst. Kort etter kunne bladet opplyse at allmugen i sju kyrkjesokn i Råbyggelaget alt i 1808 hadde sett opp slike avtalar, med «Foreningen» i Valle som forbilde.³¹

Snart kunne *Budstikken* fortelje om avtalar i ulike delar av landet, dei fleste inngått i 1812 og 1813. Blant initiativtakarane er det fleire som viser til kongens oppfordringar, og fleire nemner andre «Foreninger» som forbilde. Ved vidare overblikk er det ikkje vanskeleg å sjå


27. *Budstikken* 30.06.1813. (Ord som i kjeldeteksten er framheva ved sperra skrift, er her markert med kursiv.)

28. Når kortformene «selskapet» og «direksjonen» er nytta vidare i denne artikkelen, refererer det til Selskapet for Norges Vel og selskapets sentrale styre.

29. Try 1985, s. 10 f. og 20 ff.

30. Hasund 1941, s. 85 f. og 185 ff.

31. *Budstikken* 27.12.1811.



Bilde 2 Den gamle kyrkja og prestegarden i Valle, der avtalen blei undertekna julaften 1804. Setesdalsmuseet

at det snart blei utvikla ein standard for kva reglar og påbod slike avtalar skulle innehalde. Grovt sett kan vi seie at alle avtalane er skorne over same lest; både i sak og form finn vi tydelege spor av eldre førelegg.

Ser vi på forordninga om «*Overdaadigheds Indskrænking*» frå mars 1783 – den som var retta mot allmugen – er likskapen påtakeleg. Det gjeld konkrete påbod så vel som sanksjonar, heilt ned på detaljplanet. Appellane om patriotisme og borgarånd er også no underbygd med argumentasjon om at sløsing var til skade for den nasjonale økonomien, og merkantilismens prinsipp blir på nytt manifestert gjennom forbod mot å bære klede som var tilverka av utanlandsk stoff, og mot importerte drikkevarer til høgtid og fest.

På dette området galdt jo også eit tyngre lovverk for handel, men opninga for smuglarvare var nok større enn det styresmaktene kunne tole.³² No som Danmark-Norge var kasta ut i napoleonskrigane på 'feil side', måtte ein dessutan minne om at handel med britane – som var dei fremste internasjonale eksportørane m.a. av tekstilvarer – no regelrett ville vere å støtte «vort Fædrelands Fiender», som det heiter i avtalen frå Vågå 1812. Men motivasjonen skulle like mykje knytast til eigen velferd og omsyn til etterslekta. Ingen var tent med «overdaadig» forbruk, kvar og ein skulle skikke sitt hushald og forvalte sine tilgangar med ansvar og omtanke.

Alt på 1700-talet blei kongelege «luksusforordningar» grunngitt med ei tvilsam endring også i allmugens handel og vandel. I Råde slo ein fast at kort avstand til to «Købsteder» gjennom det første tiåret av 1800-talet hadde gitt bøndene nye vanar. Dei kjøpte dyre «Krambodsvarer» og forsømte heimleg flid. I Ramnes klaga dei over at «selv den simpleste Tjenestepige» ikkje ville vise seg i heimevirka festklede, om det så var den «mindste høitidelige Anledning».

Dei gamle forordningane var også inne på problemet med sosialt press. Dette momentet er ikkje mindre framme i det tidlege 1800-talets avtalar. I Indre Sogn meinte dei livleg han-

32. Jfr. kgl. reskript av 15.06.1812 (*Budstikken* 17.07.1812).

del med Austlandet no hadde gjort mange lustringar så velstående at småkårsfolk strevde, for dei såg seg «nødsaget til at ligne». I Sunndal vedgjekk tingallmugen villig at «den enkelte Mand nødige vil være den Første, der gjorde Indskrænkninger udi ... Gjæstebuder, at han ei skulde paadrage sig et vranget Omdømme».

Påbod og forbod

Påboda som blei lista opp, galdt særleg bryllaup og gravferd, meir sjeldan er barnsøl/dåp og konfirmasjon nemnt. I store trekk dreier det seg om å dempe hangen til gilde stasplagg og dyr bevertning. Når nokre av avtalane opplyser i tal kor mange gjester det var tillate å invitere ved ulike høve, følger dei i hovudtrekk forordninga av 1783. Så også med tidsgrenser for feiring: reglane frå den gamle forordninga blei – lett tilpassa – på ny gjort gjeldande. Om avtalen ikkje var spesifikk på dette området, var grensene like fullt gitt gjennom det allmenne kravet om nøysemd og reglane for kva og kor mykje ein kunne by fram av drikke.

1700-talets forordningar er ikkje minst gjenkjenneleg i krava til klesdrakt: både kvar-dagsdrakt og festklede skulle vere av heimevirka stoff. Påboda er absolutte, men fleire stader blir det opna for overgangsordningar. Her varierer det ein del kor lange fristar ein får før alt skal vere på stell. Mest tøyelig er fristane for å bytte ut hovudplagg og halstørkle. Her viser ein stor forståing for at det kunne ta tid å erstatte utanlandsk stas med heimevirka vare.

I Vågå fekk dei inn ein regel om at ingen, verken mann eller kvinne, skulle eige meir enn to fulle sett med klede; eitt til kvardags og eitt til høgtid og fest. Sokneselskapet hadde alt klar ein modell for mannsdrakta, «og saavidt Qvinderne angaaer», skulle dei snart «finde ... Leilighed til Raadførsel med deres Hustruer». Dei var også opne for «fornuftige Forestillinger af andre brave Qvinder.» I Fron veik dei ikkje tilbake for å gi reglar for kisteklede til dei døde: «Intet Lig maa nedlægges i Kisten i kostbare men i simple og dertil passende Klæder», heiter det i avtalen frå 1813.



Bilde 3 Drakter frå Gauldal og Oppdal, teikna av J. Flintoe 1825.

Føresegner om alkohol har ein sentral plass i avtalane. Presten i Valle kunne opplyse at det i desse traktene gjekk med opptil fire tønner malt når ein skulle brygge øl til eit bryllaup. I tillegg skaffa verten gjerne eit par anker brennevin, ofte meir. Sjølve bryllaupet varte i to dagar, men så munna feiringa ut i «det saakaldte Stævne», som gjekk over fleire dagar og kravde sitt av oppvarting. I Sunndal hadde det vore vanleg å feire bryllaup fire dagar til ende – fram til avtalen om måtehald blei tinglyst i 1813.

Dei fleste avtalane bestemte at ein til bryllaupsfest ikkje skulle nytte meir enn ei tønne malt til ølbrygging, og eit halvt anker brennevin. Fleire stader nemner ein også eit forbod mot andre «fremmede Drikke», som kaffi. Men i Biri kunne det vanke ein smak av kaffi og sukker, både i glede og sorg. Elles ser det ut til å ha vore ein tommelfingerregel at traktering ved gravferd skulle vere om lag det halve av det som var tillate ved bryllaupsfeiring.

Få avtalar går tett på spørsmålet om mat, ein nøyer seg med det grunnleggande kravet om å halde det heile så «tarvelig» som mogleg. Om det blei sett meir spesifikke grenser, heiter det at ein ikkje ved noko høgtidssamling fekk servere meir enn to varme rettar. Fleire avtalar forbyr også uttrykkeleg sending, dvs. mat og drikke gjestene ga som tilskot til gjestebodskosten.

Avtalane forbyr i regelen ikkje gåver frå foreldra til brudeparet, men det var klare forbod mot gåver frå gjestene. Særleg forargeleg var det å legge opp til at gjestene skulle gi pengar «i skåla», ein skikk som mange stader blei gjennomført med kunnjering for ein samla festlyd kor mykje kvar og ein hadde gitt.³³

Initiativ

Om det var presten eller ein annan embetsmann som tok initiativet, fekk tiltaket gjerne større tyngd når sokneselskapet stilte seg bak. Ikkje fordi desse laga var særleg mannsterke, men fordi det gjerne dreidde seg om menn med ein viss autoritet i bygda. Fleire stader er lensmannen nemnd som initiativtakar. Kanskje kunne nettopp lensmannen, med sin posisjon som mellomledd mellom øvrigheit og allmuge, vekke velvilje for slike tiltak.

I det samla materialet som ligg til grunn for denne studien, finn vi meir eller mindre presise opplysningar om initiativ for tolv avtalar inngått i tidsrommet 1804–1832. For fem av desse er presten oppgitt som initiativtakar, mens sorenskrivaren skal ha vore opphavsmann til ein avtale og lensmannen til tre avtalar.³⁴ For to avtalar er det referert til menn med bakgrunn i ein økonomisk elite. I eitt tilfelle er det berre oppgitt at det var sokneselskapet som tok initiativ.³⁵ Seks avtalar er bekrefta tinglyst og deretter approbert – ein av amtet, fem av kongen eller statthaldaren.³⁶

Det kunne vore interessant å gå nærare inn på det individuelle nivået, både for initiativtakarar og for dei utvalde av bygdeallmugen som skreiv under, der dette var framgangsmåten

33. Sjå f.eks. avtalen frå Fron (kjelde i skjematisk oversikt over empirisk materiale) og frå Øvrebø (Try 2020). Eilert Sundt ser skålebryllaupet som ei gjensidig ordning for bidrag til felles fest og til startkapital for det nybakte ekteparet (Sundt 1971, s. 98 ff.).

34. *Presten* som initiativtakar: Valle, Råde, Gjerstad, Ramnes og Oppdal. *Lensmannen* som initiativtakar: Luster, Vågå og Øvrebø. (Kjeldeopplysningar i skjematisk oversikt over empirisk materiale.) Opplysninga om sorenskrivaren som opphavsmann gjeld Sunndal og er henta frå Døssland 1990, s. 487.

35. For Biri er initiativtakaren proprietær og dannebrogsmann, for Strinda er det oppgitt tre menn, to av dei kan vi med sikkerheit seie var velstående kjøpmenn i Trondheim. For Fron er det oppgitt at sokneselskapet tok initiativ. (Kjeldeopplysningar i skjematisk oversikt over empirisk materiale.)

36. Gjeld avtalane frå Luster (amtet), Vågå, Biri, Sunndal, Fron og Surnadal. Om avtalen frå Gjerstad er det opplyst at den skulle tinglystast. (Kjeldeopplysningar i skjematisk oversikt over empirisk materiale.) I Surnadal blei avtalen som var inngått i 1822 og approbert av kongen året etter, også oppheva ved approbasjon frå regjeringa fem år seinare (Hyldbakk 1957, s. 458 f.)

(sjå nedanfor). Det fell utanfor rammene for denne artikkelen. Men nokre spreidde opplysningar gir hint om eit heller vidt spekter av ideologisk orientering. Frå Valle og Oppdal er det kjent at prestane som tok initiativ – Chr. Th. Aamodt og C. Th. Rønnau – var rasjonalistar og ivrige opplysningsmenn. Frå Luster er det dokumentert at både lensmannen, som var initiativtakar, og fleire av underskrivarane var aktive i Haugerørsla. Mellom dei tre som stilte seg i spissen for tiltaket i Strinda, kan vi merke oss haugianarhovdingen Michel Gren-dahl.³⁷



Bilde 4 C. Th. Rønnau, sokneprest i Oppdal 1802–1814
Måla av Egil Nielsen 1914.

Tilslutning frå allmugen

Ambisjonen om at allmugen på ein eller annan måte skulle gi samtykke til avtalen, er tydeleg i alt kjeldematerialet som ligg til grunn for denne studien. Men kva skulle eigentleg til for at ein kunne hevde allmugen hadde slutta seg til? Dette spørsmålet er særleg viktige når vi ser etter trekk av likskap med dei første foreiningane som blei forma etter det moderne konseptet for frivillig organisering.

I Biri blei avtalen inngått «imellem Sogneselskabet», og det var selskapets medlemmer som forplikta seg, «for dem selv, deres Hustruer og Tyende». Dette må vi altså sjå som ein intern avtale for dei heller få medlemmene av sokneselskapet. Avtalen blei like fullt tinglyst og approbert av kongen, utan teikn på at reglane skulle gjelde for andre. Den andre yttergrensa finn vi i Ramnes, der presten – med støtte av lensmannen og ein militær befalingsmann – drog «fra Gaard til Gaard og talte med enhver Almuemand især» om å bli med i eit sokneselskap. Dei som blei medlemmer, måtte samtidig forplikte seg gjennom avtalen om «Overdaads og Yppigheds Indskrænking». Selskapet fekk tilslutning frå heile 100 innbyg-

37. Sjå Nomeland 1962 (Valle), Krokann (1937) 1994, s. 20 f. og passim (Oppdal); Hoel 1814 (Luster). Michel Gren-dahl er omtalt i fleire verk om Haugerørsla.

garar. Her må altså både sokneselskapet og avtalen om nøysemnd ha omfatta ein større del av bygdefolket.³⁸

For dei øvrige lokalsamfunna har vi meir eller mindre detaljerte opplysningar om kva som skulle til for at avtalen formelt kunne reknast som stadfest av allmugen. Arenaen var oftast kyrkja /kyrkjebakken eller tinget.³⁹ Det var altså det gamle samfunnets offentlege møteplassar ein nytta. Sjølve prosessen blei gjennomført på ymse vis. Fleire avtalar var underskrivne, men på svært ulike vilkår.

Frå Valle meldte presten at avtalen frå 1804 var underskriven av «Presten og hele Almuen i Præstegjeldet». I Gjerstad var avtalen underskriven av medhjelparane og 25 «Sognemænd, udnævnte af hele Almuen, forsamlede i Gjerstad Kirke». I Råde blei avtalen framlagt på tinget, underskriven av presten og stadfesta «paa den hele Almues Vegne» ved underskrift av to menn, som «eenstemmigen» var utvalde frå kvar av «Sognets ... Fjerdingen». I Luster var avtalen underskriven av 25 menn som forplikta seg på eigne vegner, og som dessutan skulle «foregaae Andre med godt Exempel».

Avtalar som ikkje var underskrivne, skulle like fullt vere gyldige om dei var stadfest av tingallmugen. I Sunndal blei avtalen først lagt fram på tinget, så lese opp i kyrkja «hvorefter den strax træder i Kraft» og skal reknast som gyldig for «alle Præstegjeldets Indvaanere». I Vågå blei endeleg godkjenning av avtalen utsett frå eitt ting til det neste, der ein rekna med betre frammøte. I Oppdal skal allmugens tilslutning til avtalen av 1817 ha vore sikra etter ei minnegudsteneste for reformasjonen: Ved utgangen av kyrkja blei «Huusfædre ... Gaardmænd og Huusmænd» oppfordra til å gi sitt samtykke, «mundtligen og skriftligen».

Bildet er altså brokete. Somme stader fekk allmugens samtykke på bygdetinget eller ved kyrkja gjelde som felles signatur, eller ein ordna med representative underskrifter frå ulike sokn eller bygdelag i prestegjeldet. Det er uansett verd å merke seg at både kyrkjelege og rettslege instansar la vekt på å skaffe formelt samtykke frå allmugen. Men ser vi nærare på prosedyrane, dreier det seg om framgangsmåtar som ligg såre nært det gamle samfunnets kommunikasjon mellom øvrigheit og allmuge.

Sanksjonar og kontroll

Alle avtalane vi kjenner i fulltekst, har føresegner om sanksjonar mot den som braut reglane. Også her ser vi snart at dei gamle forordningane fekk gjelde som førelegg: Brot på avtalen skulle typisk straffast med bøter, og inntekta delast med ein halvdel til fattigkassa og ein halvdel til angivaren. Men det varierer kor detaljert ein valde å gå til verks. Det kan dreie seg om ein rund sum for brot på reglane som galdt bryllaup og tilsvarande for gravferd. For brot på bryllaupsvedtektene var det vanleg med ei bot på 20 riksdalar og det halve av denne summen når det galdt gravferd.⁴⁰ Der det også var sett reglar for feiring av barnsøl/dåp og konfirmasjon, låg bøkene på same nivå som for regelbrot ved gravferd.

Enkelte avtalar har meir utførlege reglar, der bøkene skil i sum om det blir synda mot det eine eller andre enkeltbodet, og der også gjestene må stå til ansvar. Særleg i avtalar som blei tinglyst, er det uttrykkeleg opplyst at bøter som ikkje blei betalt, kunne inndrivast ved utpanting. Det er også verd å merke seg at somme avtalar, som den frå gudbrandsdalsbygda

38. Ramnes er også ein av få stader der kvinner blir telt som medlemmer. Selskapet for Norges Vel skal ha hatt eit drygt hundretals kvinner som individuelle medlemmer, oftast enker (Bjerke 2009, s. 53).

39. Eksplisitte opplysningar for i alt elleve avtalar: seks inngått i/ved kyrkja (Valle, Gjerstad, Vegårshei, Øvrebø, Hægeland og Oppdal); fem på bygdetinget (Råde, Vågå, Sunndal, Fron og Surnadal).

40. Merk bytte av pengeeining i 1813, frå riksdalar til riksbankdalar, og den norske deflasjonspolitikken i åra som følgde. Vi kan altså ikkje utan vidare samanlikne realverdien av bøter i dei ulike avtalane.

Fron, har graderte føresegner etter stand, både når det gjeld krav til vertskap og gjester og når det gjeld bøter. «Gaardmænd» fekk bruke meir, men måtte også betale større bøter enn det som galdt for «Huusmandsfolk, Inderster og Tjenestefolk».

Det er også variasjon i føresegna om kven som skulle sjå til at avtalen blei halden. Somme stader fekk soknepresten ta ansvaret aleine, andre stader var det prestens medhjelparar eller andre utvalde menn. I Sunndal og i Surnadal vart dei som fekk dette oppdraget, truga med bot om dei let vere å melde brot på avtalen.

Liv og lære

Kva kom det ut av desse tiltaka? Førte avtalane verkeleg til varige haldningsendingar? Det kan vi ikkje gi noko fullgodt svar på, men ut frå allmenn historiekunnskap veit vi jo at påbod om å gå i heimevirka klede snart måtte miste mening. Det er heller ikkje mykje som tyder på at den allmenne oppfordringa om å dempe forbruket, har fått vidare verknad over tid. I 1811 kunne rett nok presten i Valle rapportere om positive følger for sin kyrkjelyd. Gjennom dei sju åra avtalen hadde stått ved lag, hadde den ikkje berre ført til «Moralitetens Forbedering», men også «sparet Præstegjeldet en 8 til 900 Rd. i aarlig Udgift». Andre stader, som i Øvrebø, var det tydeleg at avtalen var gløymd, få år etter at den var underteikna.⁴¹

Ser vi landet under eitt, får vi heller inntrykk av at feiring av bryllaup og andre høgtider blei meir storslagne utover i 1830- og 1840-åra. I Strinda prestegjeld, tett ved Trondheim, klagar ein i 1832 over at 50–100 gjester sløste bort fire–fem dagar på å feire «Barnedaabs-Bryllup eller Begravelsesgilde», og at det ved slike høve gjekk med så store mengder mat og drikke at det la «de største Hindringer i Veien» for vekst og utvikling både av landbruk og andre næringar.⁴² I Orkdal, litt lengre sør i Søndre Trondhjems amt, rekna ein indignert skolelærar kring 1840 ut at 200 menneske kvart år nytta tolv til fjorten dagar berre på bryllaupsfeiring. Feiringane var blitt så overdådige at både vertskapet og nærstående skyldfolk brukte ni–ti veker til førebuing. Frå same bygda er det bevart minnemateriale som fortel at eit «vanleg» bryllaup på 1870-talet samla ca. 100 gjester og varte åtte dagar.⁴³

Etter at formannsskapslovene var sett ut i livet, ser vi fleire stader at dei folkevalde tok initiativ til overeinskomstar som til forveksling liknar avtalane frå dei første tiåra av 1800-talet. Enno kan det sjå ut til at ein hadde meir tru på skikken med signerte avtalar enn på den nye foreiningsmodellen. Mykje tyder på at vi no fekk ei ny bølge av avtalar om felles innsats for måtehald. Da formannskapet i Orkdal i 1838 sendte sin nyoppretta «konvensjon» – underteikna av 301 husfedrar – til stiftsdireksjonen i Trondheim, takka direksjonen varmt, og la til at dei «med Fornøielse» erfarte at folk over heile amtet no gjekk saman om liknande tiltak.⁴⁴

I vår samanheng er det ikkje minst interessant å merke seg utviklinga i Øvrebø, der dei måtte konstatere at den gamle avtalen frå 1815 snart var gløymd. Her vedtok det nyetablerte formannskapet på sitt første møte, i januar 1838, ein ny avtale. Avtalen liknar i mangt på kontrakten frå 1815. Få år etter – i 1841 – blir det opplyst i ei visitasberetning at det var stifta heile tre «maadeholdsselskaber» i desse bygdene.⁴⁵


41. Åsen 1951, s. 454 f.; Åsen 1967, s. 702 ff.; Try 2020.

42. *Frivillig Overeenskomst...* 1832.

43. Skrondal 1961, s. 256 f. og 324.

44. Skrondal 1961, s. 324.

45. Åsen 1951, s. 454 f.; Åsen 1967, s. 702 ff.; Try 2020.



Bilde 5 Lystig feiring av bondebryllaup i Sogn og Fjordane 1867 eller 1868.

Ukjend kunstnar, frå Norsk folkemuseum.

Eit steg mot det moderne organisasjonssamfunnet?

Det er denne overgangen – frå avtalar til foreiningar – Fuglum viser til når han skriv om den tidlege fråhaldsrørsla. Han tar utgangspunkt i ein «Contract og Forening» frå Austre Toten, der seks bønder i 1795 forplikta seg til ikkje å drikke brennevin – verken reint eller oppblanda – i eitt år.⁴⁶ Dette var altså mens einevaldsmakta framleis rådde, og den siste luk-susforordninga enno sto ved lag. Forordninga av 1783 har nok også vore forbilde for sanksjonane som skulle gjelde for brot på avtalen frå Toten. Men her gjekk bøndene inn for enda strengare vilkår. Den som braut avtalen, skulle ikkje berre betale bot – 25 riksdalar til fattigkassa og 25 riksdalar til den som hadde meldt frå om brotet – han skulle også i «sin øvrige Levetid være anseet i den Forfatning og Agtelse, som Loven nævner mindre Mand».⁴⁷

Fuglum ser denne kontrakten og liknande tiltak i tida som tidlege forsøk på å få i stand organisert arbeid for fråhaldssaka. Dei tidlege foreiningane skulle motivere til måtehald ved at medlemmene lova å avgrense bruk eller heilt avstå frå å drikke brennevin.⁴⁸ Grovt sett kan vi seie at Fuglums argumentasjon bygger på det han ser som kontinuitet i arbeidet for eit ideelt *formål*: måtehald i bruk av rusdrikk. Avtalen frå Toten i 1795 peiker unekteleg i den retninga. Ser vi nærare på kva som motiverte initiativtakarane til det utvalet av avtalar som er lagt til grunn for denne studien, finn vi nok ein og annan klage over «Usædelighed» og «Uorden» i samband med fuktige feiringar. Men i dei fleste avtalane er det sløsing med

46. Fuglum 1972, s. 547 og 65.

47. Fuglum 1980, s. 140.

48. Fuglum 1972, s. 64 ff. og 94.

ressursar, «Overdaad» og «Ødselhet», ein uttrykkeleg oppgjer som motiv. I eit vidare perspektiv er det likevel rikeleg historisk dokumentasjon som støttar antakelsen om at mange på denne tida verkeleg ønskte felles tiltak mot misbruk av alkohol.

Try er mest opptatt av å følge utviklinga når det gjeld *sosial rekruttering* og *organisatoriske former*. Med utgangspunkt i avtalen av 1815 frå Øvrebø peiker han på trekk av likskap med det som rundt 1840 blei kjent under namn av frivillige «Associationer», og som etter kvart kom til å danne grunnlag for det moderne foreiningslivet.⁴⁹ Foreiningane som no blei skipa, skulle ha eit formulert formål og medlemmer som frivillig og på individuelt grunnlag slutta seg til. Ei fullverdig foreining skulle vidare fylle krav om skrivne vedtekter, demokratisk leiarval og opne avgjerdsprosessar.⁵⁰ Ved sida av misjonssaka var det uro over utbreidd alkoholmisbruk som først samla folk i slike foreiningar. Etter kvart kom samanslutningar for andre ideelle formål, og foreiningar som arbeidde for økonomiske, næringsretta og politiske saker. Nærare vår eiga tid kom organisasjonane for idrett og andre fritidssyslar.⁵¹

Try legg vekt på at dei gamle avtalane hadde eit klart formål, og at dei forplikta underskrivarane over tid – slik dei seinare frivillige foreiningane også gjorde. Så langt går det greitt å følge resonnementet. Men når Try også legg vekt på frivillig tilslutning, er det grunn til å stille spørsmål. Kor fri var viljen når avtalen blei rekna som gyldig for heile prestegjeldet etter at teksten var lagt fram på bygdetinget? Kor mange allmugefolk hadde eigentleg slutta seg til gjennom underskrifter frå prestens medhjelparar eller andre av bygdas «beste menn»?

Try framhevar også at det var folk frå ulike delar av bygda som skreiv under avtalen. Dette gjorde dei uavhengig av slektskaps- og grannelags-relasjonar, hevdar han, og meiner vi her ser konturane av det som i sosiologien karakteriserer sekundærgrupper. Saka var heller ikkje knytt til ein bestemt situasjon eller eit gitt tidspunkt; det skulle vere ein varig avtale. «Avstanden er i så måte ikkje lang til måtehaldsforeiningane mot overdriven alkoholbruk som kom i 1830- og 1840-åra», seier Try.⁵²

Men braut underskrivarane i Øvrebø eigentleg med det gamle samfunnets primærgruppestruktur? Om dei kom frå ulike gardar og ulike delar av bygda, sto dei som ansvarlege for sine hushald. I mest alle avtalane som utgjer grunnlaget for mi undersøking, finn vi primærgruppene uttrykkeleg manifestert ved at «Huusfædre» skreiv under på vegner av heile huslyden – kone, barn og tenestefolk – eller ved at utvalde menn signerte på vegner av heile allmugen eller for kvar sine bygdelag.⁵³

Try refererer også frå kjeldene at mennene i Øvrebø, som i 1821 måtte forsvare seg i retten, hevda dei ikkje kunne sjå avtalen som gyldig, så lenge den ikkje hadde fått tilslutning frå alle i heile soknet. Skal vi ta dei på ordet, var det ein framand tanke at dei skulle skilje seg ut som ei gruppe med eige program – ei sekundærgruppe. Dei såg seg som del av eit bygdekollektiv.

Try ser nok saka frå begge sider, og konkluderer ikkje. Han antyder også at desse semjene frå dei første tiåra av 1800-talet kan sjåast som utslag av «embetsmannsformynderi». Dette er eit moment vi kan rekne med at han ville ha drøfta grundigare, om han hadde fått høve til å arbeide vidare med stoffet. Han var sjølvsagt klar over at dei mange semjene som skulle tukte til måtehald, oftast kom i stand etter initiativ frå embetsmenn. Og

49. Try 2020.

50. Try 1985, s. 10 f. og 20 ff.

51. Try 1985, Raaum 1988.

52. Try 2020.

53. Ramnes skil seg ut fordi så mange av bygdefolket gjekk med i sokneselskapet og forplikta seg på avtalen om nøysemnd (sjå ovanfor). Men opplysningane er også her så sparsame at det er vanskeleg å legge vekt på dette momentet.

her er det glidande overgangar – Dei første måtehaldsforeiningane var også initiert «ovanfrå», og leia av embetsmenn eller andre i solide samfunnsposisjonar.⁵⁴

Sluttord

Avtalar om nøysemd og måtehald i norske bygdesamfunn frå dei første tiåra av 1800-talet, er til no ikkje blitt behandla som samla fenomen. Gjennom eit empirisk utval som hovudsakleg bygger på trykt kjeldemateriale, har eg i denne artikkelen søkt å avdekke fellestrekk og lokal variasjon i denne typen semjer eller avtalar. Sjølv drøftinga har bakgrunn i spørsmål historikaren Hans Try stiller, om desse avtalane kan sjåast som ein forløpar for moderne foreiningsliv. Men eg viser også til behovet for eit vidare tidsperspektiv og peiker på linjer av kontinuitet frå 1600- og 1700-talets lover og forordningar om «Overdaadigheds Indskrænking».

Try gjorde anslag til ei større undersøking han ikkje fekk fullført; hans faglege refleksjonar er meint som grunnlag for utprøvande tolking. For å følge opp Trys problemstilling har det vore nyttig å undersøke mitt materiale i lys av spørsmål om kven som tok initiativ til dei lokale avtalane, kva føresegner som blei knesett og kva som skulle til for at avtalen blei sett som gyldig. På dette grunnlaget reiser eg innvendingar mot Trys argumentasjon for kontinuitet mellom dei gamle avtalane og dei frivillige foreiningane som ble stifta på 1830- og 1840-talet.

Slik Try ser dei gamle semjene i ein vidare 1800-talskontekst, kan han nok peike på trekk som røper begynnande oppbrot frå «embetsmannsformynderiet». Men eg meiner han legg meir i det formulerte prinsippet om frivilligheit enn faktiske tilhøve gir dekning for. Eg meiner også at han ser trekk av sekundærgruppe utan tilstrekkeleg grunnlag i empirien. Etter mitt syn gir det betre mening å sjå desse avtalane som tiltak innanfor rammene av det gamle samfunnets struktur, styrt av paternalistiske prinsipp for tilhøvet mellom dei som styrer og dei som blir styrte.

Litteratur

- Bjerke, Ernst 2009: «Selskabet for Norges Vels organisasjon og virkekrets» og «Selskabet for Norges Vels program. Selvstendighet gjennom kunnskap». I Collett, John Peter og Ernst Bjerke (red.): *Vekst gjennom kunnskap: Det kongelige selskap for Norges vel 1809-1814: ved 200-årsjubileet*. Oslo: Det kongelige selskap for Norges vel.
- Dalgaard, Hanne Frøsig 2015: *Luksusforordninger – 1558, 1683, 1736, 1783 og 1799*. København: Tenen, Dansk Tekstilhistorisk Forening.
- Døssland, Atle 1990: *Med langt mot havet, 1671-1835*. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal, bind 1. Oslo: Samlaget.
- Engelhardt, Juliane 2010: *Borgerskab og fællesskab. De patriotiske selskaber i den danske helstat 1769-1814*. Købengavn: Tasculaneum.
- Fuglum, Per 1972: *Kampen om alkoholen i Norge 1816-1904*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fuglum, Per 1980: «Alkohol eller avhold». I Semmingsen, Ingrid m.fl. (red.): *Brytningsår – blomstringstid, Norges kulturhistorie*, bind 5. Oslo: Aschehoug.
- Hasund, S[igvald] 1941: *Det kgl. selskap for Norges vel: II: Periodene 1809-1829 og 1829-1855 ; 1856-1892 og 1892-1909*. Gjøvik: Mariendahl.
- Hoel, Oddmund Løkensgard 2014: «Dei fyrste valmenn og røysteføre i Sogn med vekt på Jostedalen og Luster». I Hyvik, Jens Johan, Oddmund L. Hoel og Harald Krøvel (red.): *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark*. Oslo: Novus.

54. Bjørg Seland: Fuglum 1972, s. 120 ff.

- Hyldbakk, Hans 1957: *Bygdesoge for Surnadal, bd. I*. Surnadal: Surnadal kommune.
- Krokann, Inge (1937) 1994: *Då bøndene reiste seg. Ein av forarane: Ingebrigt Sæter*. Lillehammer: Dølaringen Boklag.
- Mordt, Gerd 2010: «Luksus som problem i 1743», i *Heimen*, 2-2010.
- Mordt, Gerd 2018: «Gjestebud og silkeklær – og myndighetenes forsøk på å kontrollere bøndenes forbruk på 1700-tallet.» Nettkjelde, Arkivverket.no.
- Nomeland, Tarald 1962: «Ein gjæv prest og framstegsmann i Setesdal». I *Jol i Setesdal*.
- Rian, Øystein 1997: *Den aristokratiske fyrstestaten 1536–1648*. I serien *Danmark-Norge 1380-1814, bd. II*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Raaum, Johan 1988: «De frivillige organisasjonenes framvekst og utvikling i Norge». I *Norges offentlige utredninger /NOU 1988-17*.
- Seip, Karen Arup 2016: «...inghen Riddher eller god Mand skal haffue mer end try Par Kledher aff Silke...» Adelig sosialt demonstrativt forbruk i 1500-tallets Danmark-Norge. Ph.d.-avhandling, Universitetet i Oslo: Det humanistiske fakultet.
- Skrondal, Anders 1961: *Orkdalsboka, bd. II*. Orkanger: Orkdal og Orkland kommunar.
- Sundt, Eilert [1858-1859] 1971: *Haram. Et eksempel fra fiskeridistrikterne*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tranberg, Anna 1993: *Korn og klasseskille, 1660–1840*. Ringsakboka, bd.3. Brumunddal: Brøttum historielag
- Try, Hans 1985: *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perspektiv*. Øvre Ervik: Alvheim & Eide.
- Try, Hans 2020: «Det store bryllaupet på Reiersdal i 1820. Ein sosialhistorisk studie», i *Heimen*, 1-2020.
- Åsen, Jon 1951: *Øvrebø-boka, bd. 1. Gard og ætt*. Kristiansand: Øvrebø sogelag.
- Åsen, Jon 1967: *Øvrebø-boka, bd. 3. Kultursoga*. Kristiansand: Øvrebø sogelag.

Lovsamlingar, trykksaker og periodika

- Budstikken*, årgang 1809–1814
- Statsborgeren* 1834.
- Frivillig Overenskomst angaaende Gilders Holdelse paa Strinden* 1832. Trondhjem: Selskabet for Strindens Vel.
- Love, Anordninger, Kundgjørelser, aabne Breve, Resolutioner m.m. der vedkommer Kongeriget Norges Lovgivning og offentlige Bestyrelse*, i tidsfølgende Orden og udtogsvis samlede og udgivne af Peter Vogt, Expeditions-Secretær. Iste Bind. Kristiania 1817: Grøndahl.

Arkivalia og nettkjelder

- Statsarkivet i Kristiansand /(SAK)Stiftamtmanden i Kristiansand 1271-0005; brev fra fogderiene, eske 925, Mandal fogderi 2. kvartal 1821.
- Arkivverket.no, <https://www.arkivverket.no/utforsk-arkivene/kulturarvaret-2018> (lasta aug. 2019).
- Christian IVs norske lov, <https://www.hf.uio.no/iakh/tjenester/kunnskap/samlinger/tingbok/kilder/chr4web/chr4innhold.html> (lasta feb. 2020).
- Danmarkshistorien.dk (1), Aarhus Universitet. <http://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/forordning-om-klaededragt-bryllupper-barseler-og-gjestebudde-13-marts-1683/> (lasta okt. 2019).
- Danmarkshistorien.dk (2), Aarhus Universitet. <http://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/forordning-anlangende-overdaadigheds-indskraenkning-i-bondestanden-12-marts-1783/> (lasta sep. 2019).